

Bondeposten 2/2023

Innhaldsoversikt

1Driftsmelding i landbruksdirektoratet

2RMP

2.1 Tilskot til biokol blir ein del av Regionalt miljøprogram

3Produksjonstilskot 2023

4Kommunale støtteordningar

5Investeringsmidlar i landbruket for 2023 - IBU-midlar

6Tilskot til bygging av gjødsellager

7Tilskot ved produksjonssvikt (avlingsssvikt)

8Mjølkeproduksjon

9Tilskot til investeringar i beitelag

10Tilskot til drenering

11Kantsone langs vassdrag

12Tilskot til vassmiljøtiltak i 2024

13Jakt

14Handlingsplan for landbruk - høyring

15Tiltaksstrategi for Nærings- og miljøtiltak i skogbruket, NMSK

16Bygningsvernrådgivning i Ryfylke

17Ny bygdebok for Årdal

18Etablering av Bondens Nettverk i Hjelmeland

195 råd for god bondehelse

1 Driftsmelding i landbruksdirektoratet

Pga. teknisk oppgradering er alle dei digitale løysingane til Landbruksdirektoratet nede frå tysdag 3. oktober kl. 17.00 til onsdag 4. oktober kl. 7.00. Dei beklagar ulempa dette medfører. Det er altså ikkje mogleg å søkje om verken RMP, produksjonstilskot, produksjonssvikt eller anna i dette tidsrommet.

2 RMP

Du kan søke fom 15. september. Søknadsfrist 15. oktober.

OBS!!! Rullering av instruksen for RMP og ny forskrift vedtatt 18.04.23. Her er derfor både nokon nye ordningar, og endringar i ein del av dei eksisterande ordningane. Nokon tiltak har fått nye namn eller nye tiltaksklassar. Dersom du søker tilskot til nokon av ordningane der det er endring, ta omsyn til dette dersom du seier JA til å importere søknadsdata frå 2022. Vilkåra er ikkje dei same som før i alle ordningane, sjekk difor om du kan søkje om det same, meir eller mindre, enn før. Importfunksjonen i RMP-kart fungere for tiltak som er uendra mellom 2022 og 2023.

Har du f.eks. hatt 13 da bratt innmarksbeite og ikkje søkt tilskot pga vilkåret har vore minst 15 da bratt innmarksbeite for å få tilskot, så kan du nå søkje om tilskot til bratt innmarksbeite, du får tilskot frå første da. Husk å teikne arealet i kart. Har du søkt tilskot til tursti, med låg tilrettelegging, dvs. meir enn 3 km frå regulert bustadfelt, så er den ordninga nå ramla ut. Nå er det éin sats for alle turstiar, og det er den satsen for «høg tilrettelegging». Det ser ut for at turstien føl med i kartet frå i fjor til i år, men då med feil klasse, du må sannsynlegvis teikne på ny for at du skal få turstien med til søknad når du «hentar teikna tiltak» dersom du tidlegare har fått tilskot til «låg tilrettelegging».

Nytt i 2023

Her er liste over det som er nytt i 2023 samanlikna med 2022. [Dette ligg og elektronisk på nettsida til Statsforvaltaren.](#)

- Minimumskrav til 15 dekar innmarksbeite for tilskot til skjøtsel av bratt areal er fjerna
- Det er mogleg å søkje tilskot til skjøtsel av all myr som grenser til fulldyrka/overflatedyrka areal eller til innmarksbeite godkjend som spreieareal for husdyrgjødsel. Då tenker ein myr i AR5 (gardskart). Du må følgje skjøtselsråda for å kunne søkje tilskot. Tidlegare var tilskot til "skjøtsel av biologisk verdifulle areal" fleire ordningar, nå er det forenkla til å berre gjelde skjøtsel av myr ved jordbruksareal.
- Det er innført tilskot til brenning av kystlynghei. Tilskotet blir berre gitt til areal som samstundes kvalifiserer for tilskot til beiting av kystlynghei.
- Det er innført tilskot til fangvekst som underkultur
- Det er mogleg å søkje tilskot til kantsone i eng i heile fylket
- Det er innført tilskot til bruk av biokol
- Minimumskrav til 15 dekar automatisk freda kulturminne er fjerna
- Det er innført maksgrønse på 6 tonn per spreieing for tilskot til nedlegging og nedfelling av husdyrgjødsel
- Det blir gitt same tilskotssats for alle turstiar uavhengig av avstand frå tettstad
- Tilskot til naturbeitemark og hagemark blir nå gitt i ordninga "skjøtsel av trua naturtypar".

Tiltak som ikkje kan importerast frå tidlegare år, og dermed må teiknast inn på nytt er for Rogaland i år:

- Soner for pollinerande insekt
- Nedlegging av husdyrgjødsel
- Nedfelling av husdyrgjødsel

- Spreiing av husdyrgjødsel med tilførselsslange
- Fangvekstar som underkultur
- Fangvekstar sådd etter hausting
- Spreiing av biokol

Dermed må alle som søker om tilskot til miljøvennleg gjødselspreiing, eller soner for pollinerande insekt i år, teikne dette på ny i kartet. Dette blir ikkje importert frå i fjar.

2.1 Tilskot til biokol blir ein del av Regionalt miljøprogram

Les meir om dette på Statsforvaltaren si heimeside.

Nytt fom 2023 er at jordbruksføretak i Rogaland kan søkje tilskot til å bruke biokol i open åker. Biokol kan auke karboninnhaldet i jord og gi betre vasslagringsevne. Førebels tilskotssats blir 15 kr per kg. Biokolet kan spreast saman med husdyrgjødsla eller aleine, men må moldast ned i bakken etter spreiing. Her er sett krav til dokumentasjon og produktkvalitet. Biokol er eit jordforbetningsprodukt som blir omfatta av kvalitetskrav i forskrift om organisk gjødsel. Tilskotet blir utmålt per kg biokol med minimum 75 prosent tørrstoffinhald. Det blir maksimalt gitt tilskot til 1000 kg spreidd biokol per føretak.

Er du nysgjerrig på kval biokol er, og kva nytte det kan ha i jordbruket? På heimesida til Nibio finn de aktuell informasjon.

3 Produksjonstilskot 2023

Søknadsfrist produksjonstilskot og avløysartilskot 15. oktober.

Dispensasjon frå beitekrav på grunn av tørkesituasjonen

Innmarksbeita i Rogaland var hardt ramma av langvarig tørke og gav lite fôr på forsommaren. Generell dispensasjon frå krav om fôropptak på beite ved søknad om produksjonstilskot i jordbruket er eit av fleire tiltak som blei sett i verk for å avgrense konsekvensane av tørra og oppretthalde matproduksjonen. Tiltaka blei gjort kjent 13. juni, sjå nettsak på Landbruksdirektoratet.no. Innmarksbeita utgjer nesten 50 prosent av jordbruksarealet i Rogaland, og er dei areala som blei hardast ramma av tørra. Ved søknad om beitetilskot er det normalt krav om minst 50 prosent av fôropptaket skal vere frå beitet. Dispensasjon frå kravet gjer at bøndene kan tilleggsføre dyra på beite utan at det får konsekvensar for tilskotet. (Beitearealet må i normalår gi så mykje avling at ein då haustar minst 50 % av fôropptaket frå arealet)

Eit anna tiltak som vart innført pga tørken:

Kornarealer som blir hausta som grovfôr eller blir beita kan likevel få arealtilskot for korn.

4 Kommunale støtteordningar

Her er to kommunale støtteordningar som landbruket kan nytta seg av:

Tilskot til næringsføremål

Bedrifter som ligg i Hjelmeland kommune kan søkja om tilskot til næringsføremål. Det kan vera etablering av ny næring eller til investeringstiltak. Dersom du søker om tilskot for byggetiltak eller andre tiltak som krev offentlege løyve, må det vera gitt løyve før du kan få tilskot.

Budsjettramma er kr 1 200 000 pr. år. Minimum kr 200 000 av desse kr 1 200 000 skal nyttast til investeringar i landbruket. Dette inkluderer og tilskot til nydyrkning.

Ang tilskot til nydyrkning kan ein framleis maksimalt få tilskot til 20 da pr år, kr 2000,- pr da. Det MÅ søkjast om tilskot før dyrkingsarbeidet blir gjort. Det må føreligge eit løyve til dyrking før me kan løyve tilskot til dyrking. Søknadane kan gå parallelt.

Tilskot til grøn omstilling

Føremålet med ordninga er å stimulera til tiltak som gir reduserte klimautslepp og hindrar forureining. Ordninga skal og stimulera til næringsutvikling og innovasjon.

Begge ordningane har to årlege søknadsrundar, frist 15.april og 15. oktober.

De finn elektroniske søknadsskjema på heimesida til kommunen. De må søkjast om tilskot før ein startar på omsøkt prosjekt.

5 Investeringsmidlar i landbruket for 2023 - IBU-midlar

Høgare maksimale støttesatsar for investeringar i lausdriftsfjøs og gjødsellager

Landbruks- og matdepartementet har fastsett endringar i forskrift om midlar til investerings og bedriftsutvikling i landbruket som følge av årets jordbruksoppgjer. Endringane tredde i kraft 1. juli.

Det er særleg behov for å støtte investeringar på små og mellomstore mjølkebruk for å imøtekomma lausdriftskravet for storfe, som trer i kraft i 2034. Avtalepartane blei difor einige om å heva maks tilskotssats for investeringar innan lausdrift for storfe til inntil 50 pst. av godkjent kostnadsoverslag for investeringa, med øvre grense for tilskot på inntil 5 mill. kroner.

I praksis har Innovasjon Norge i Rogaland for lite tilgjengelege midlar i høve til behov, så det er ikkje dermed gitt at ein får maksimalt tilskot.

Vidare blei det i jordbruksoppgjeret einigheit om å oppjustere maks tilskot til gjødsellager mv. Heva med kr 50 000,- til kr 250 000,- per prosjekt.

6 Tilskot til bygging av gjødsellager

Det er mogleg å søke Innovasjon Norge om støtte til å bygge nytt gjødsellager. Kommunen kan og løyve SMIL-midlar til tak/dekke over eksisterande gjødsellager.

Nytt lager

Innovasjon Norge kan gi tilskot til å bygge nytt lager for husdyrgjødsel eller biorest, både med eller utan gjødselseparator. Du må søkje før du startar på arbeidet med å bygge/inngår bindande kontrakt med nokon som skal utføre arbeidet.

[Les meir om korleis du søker på heimesida til Innovasjon Norge.](#)

Tak over eksisterande gjødsellager

Dekke over gjødsellager kan redusere utslepp til luft, særleg tapet av ammoniakk, og er eit av fleire klimatiltak i jordbruket. Reduserte utslepp av gjødselgassar frå gjødsellager er òg positivt for omgivnadane. Kommunen kan løyve tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) til tak over gjødsellager.

For å få SMIL-tilskot må søker

Ha ei drift som kvalifiserer for produksjonstilskot, ha nok lagerkapasitet for husdyrgjødsel til å oppfylle minstekrava i forskrift om organisk gjødsel, og velje takløysning av varig karakter tilpassa det aktuelle lageret. Presenning med stativ eller flytedekke kan og godkjennast.

Likt som for tilskot frå Innovasjon Norge må du søke på førehand. Statsforvaltaren har tilrådd kommunane å maksimalt støtte 35 prosent av godkjende kostandar, med ei øvre grense på 150 000 kr. Dersom tiltaket i tillegg har fått/får støtte frå Innovasjon skal ikkje samla offentleg tilskot overstige 35 prosent av kostnadsgrunnlaget.

7 Tilskot ved produksjonssvikt (avlingsssvikt)

Det er mogleg å søkje om tilskot ved produksjonssvikt som skuldast klimatiske forhold det ikkje er mogleg å sikra seg mot. Her er 30 % eigenandel, så avlinga må vere mindre enn 70 prosent av gjennomsnittsavlinga for vekstgruppa for at det skal vere aktuelt å søke. Klimatiske forhold kan vere tørke, flaum, frostskafe, haglskade (kvalitet) i frukt.

Søknadsfrist 31. oktober 2023.

8 Mjølkeproduksjon

Etter ekstraordinær kvotedrøfting mellom Landbruks- og matdepartementet, Norges Bondelag og Norske Bonde- og Småbrukarlag den 22.06 er forholdstalet auka frå 0,95 til 0,99. Dette grunna auke i etterspørsel og lågare leveranse av mjølk enn venta då forholdstalet blei satt i november 2022.

Endring i reglar for sal og kjøp og disponering av mjølkekvote

Eigar av landbrukseigedom med grunnkvote kan selje heile eller delar av kvota. Endringar som følgje av årets jordbruksoppgjer gjer det no mogleg å selje 100 prosent privat innanfor same produksjonsregion. **Søknadsfrist 1. august.** Det er ikkje mogleg å kjøpe kvote frå staten i 2023.

Registrering av disponering av kvote (kvoteleige)

Eigar av eigedom med grunnkvote kan registrere kva mjølkeprodusentar som skal disponera grunnkoten for kvoteåret 2024 fom 12. september. **Frist 1. november.**

Gjeld berre dersom her er endringar.

9 Tilskot til investeringar i beitelag

Statsforvaltaren pleier kvart år sende ut melding til alle beitelaga om ordninga. Formålet med tilskotet er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusera tap av dyr på utmarksbeite og fremja fellestiltak i beiteområde.

Søknadsfrist 15. mars.

10 Tilskot til drenering

Jordbruksavtalen har gitt nye tilskotssatsar for drenering. **Satsane gjeld fom 1. juli i år.**

Dersom du tidlegare har søkt om/og fått tilskot til drenering, men ikkje har starta på jobben endå, kan du gi beskjed til kommunen om at du trekker den gamle søknaden og søkje på ny om tilskot til drenering med nye satsar fom 1. juli.

Dersom du har starta på dreneringsarbeidet du har fått tilskot til, så kan du ikkje søkje på ny, søknad må sendast før arbeidet startar.

Skal du drenere, så søkt tilskot i god tid. Saksbehandlinga tek litt tid, og stort sett vert søknaden og sendt til Rogaland Fylkeskommune på høyring.

[Her er lenke til informasjon og søknadsskjema.](#)

Nye satsar er inntil kr 4000,- pr da, eller kr 61,- pr meter grøft opp til maksimalt kr 4000,- pr da berørt areal.

11 Kantsone langs vassdrag

I følge vassressurslova § 11 kantvegetasjon, SKAL det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for planter og dyr.

I følgje forskrift om fysiske tiltak i vassdrag er det forbod mot å gjere tiltak i vassdrag utan løyve. Det gjeld bla fysiske tiltak som medføre eller kan medføra fare for forringing av produksjonsmoglegheiter for fisk eller andre ferskvannsorganismar.

Ein skal difor ikkje snauhogge kantsona langs vassdrag. Ein kan drive skjøtsel, ta ut enkelte tre mm.

12 Tilskot til vassmiljøtiltak i 2024

Har du eit prosjekt som kan bidra til forbeting av vassmiljøet eller til auka kunnskap om tilstanden i vassdrag. Eller ønskjer du å forbetre vasskvalitet eller økologisk tilstand i vassdrag som er prioritert i regional vassforvaltningsplan? [Les meir om ordninga hjå Rogaland Fylkeskommune.](#)

Søknadsfrist i februar.

13 Jakt

Kvotefri jakt på hjortekalv

Hjelmeland kommune har fått godkjenning frå Miljødirektoratet til å tildele kvotefri jakt på hjortekalv i 2023, og har vedtatt å gi alle hjortevald i kommune kvotefri kalv.

Det er tildelt løyve som normalt, men dispensasjonen gjer at ein kan halde fram med å felle kalv etter at alle dei tildelte løyva på kalv er brukt. Dei ekstra kalvane som blir skotne skal registrerast på normal måte i sett og skutt appen eller på hjorteviltportalen. Dette er jaktleiar sitt ansvar å følgje opp. Valdansvarleg har ansvaret for at fellingsrapporten blir sendt inn.

Dispensasjonen blir tildelt valdet og vil gjelda alle jaktrettshavarane i valdet. Ein grunneigar kan likevel motsetje seg kvotefri jakt på kalv på sin eigedom. Ordninga med kvotefri kalv gjeld sjølvsagt berre for dei som har godkjente hjortevald. Det er ikkje fritt fram å skyte hjortekalv på eigedom som ikkje er ein del av eit hjortevald.

Ettersøk

Jakta er godt i gang og det kan vera greitt å minna om ettersøksplikta og kravet om godkjent ettersøkshund.

I «Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst» § 23 står det at alle som jaktar storvilt skal ha tilgang til godkjent ettersøkshund med førar (ettersøksekvipasje). Dersom ein ikkje har slik hund med på jakta, skal det gjennom skriftleg avtale vera sikra tilgang innafor eit rimeleg tidsrom etter påskyting. [Les meir om dette hjå Miljødirektoratet.no](#)

I «Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst» § 27 står kort oppsummert følgjande:

Den som har skadeskote storvilt har plikt til å gjera det ein kan for å avliva dyret.

Ein må forvisse seg om det dyret ein har skote på er truffe eller ikkje. Ein skal ikkje ta opp igjen jakta eller skyte på andre dyr medan ettersøk pågår.

Dersom ettersøket første dag er utan resultat **skal** ein utan opphold melde frå til jaktrettshavar og kommunen.

[For ei lita oppdatering på korleis ein skal oppføre seg når det dyret ein har skutt på forsvinn, og korleis eit ettersøk skal føregå tilrår me å lesa seg opp på hjortevilt.no.](#)

14 Handlingsplan for landbruk - høyring

Handlingsplan for landbruk i Hjelmeland kommune er nå lagt ut til høyring.

Høyringsfristen var 8. oktober.

Målet er 2. gongs behandling i formannskapet 17. oktober og godkjenning i kommunestyret 2. november.

15 Tiltaksstrategi for Nærings- og miljøtiltak i skogbruket, NMSK

Det skal vedtakast ny strategi og retningslinjer for perioden 2023-2026. Ny strategi er drøfta i næringa og på møte i støtte- og referansegruppa for landbruket.

Tiltaksstrategien skal politisk behandlast i formannskapet 17. oktober.

16 Bygningsvernrådgivning i Ryfylke

Rogaland fylkeskommune har lansert ei bygningsvernrådgivingsteneste i samarbeid med Ryfylkemuseet og Haugalandmuseet.

Gratis synfaring og rådgiving for eigarar av verneverdige bygningar

Er du eigar av ein eldre bygning og er usikker på kva du kan eller bør gjere for å ta vare på den? Då kan du ta kontakt med Ryfylkemuseet for gratis råd og rettleiing, tlf 52792950. Ryfylkemuseet er del av eit pilotprosjekt i Rogaland fylkeskommune der huseigarar kan få besøk og rådgiving frå fagfolk med kompetanse på eldre bygningar frå Ryfylkemuseet. Bygningen treng ikkje å vere freda eller formelt verna for å vere aktuell for tilbodet. Ta kontakt om du er usikker på om huset ditt er innanfor krava til ordninga. Tilboden er avgrensa til eitt dagsverk pr. førespurnad.

Ryfylkemuseet kan hjelpe eigarar i Hjelmeland, Kvitsøy, Sauda, Strand, Suldal og delar av Stavanger og Sandnes (gamle Forsand, Rennesøy og Finnøy kommunar).

Kva kan du få ut av dette tilbodet?

- Besøk av ein handverkar, antikvar eller arkitekt med kompetanse på eldre bygningar
- Praktisk gjennomgang og vurdering av eige bygg
- Svar på spørsmål om eldre hus
- Informasjon og råd om restaurering og vedlikehald
- Informasjon om støtteordningar

Dersom du har behov for spesialkompetanse, kan Ryfylkemuseet gi råd om kor du kan finne dette.

Ryfylkemuseet tilbyr og kurs i søknadsskriving - 5.oktober, bygningsvern og andre tema. [Sjå nettsida til Ryfylkemuseet.](#)

17 Ny bygdebok for Årdal

Det er oppretta ei eiga Facebookside for ny bygdebok; [Ny bygdebok for Årdal](#).

Bygdebokforfattar Merete Sønsterud har kontordagar på Meieribygget i Årdal. Du kan kontakte ho på telefon 95857161 for å avtale møte, stille spørsmål eller bringe informasjon til forfattaren.

Gardshistorie og busetting på gardane er ein viktig del av innhaldet i bygdeboka.

Kom og bli med på arrangementet «Ny bygdebok og lokal identitet» torsdag 26. oktober på Høiland Gard i Årdal. Riksbibliotekar Aslak Sira Myhre og forfattar og forlagsdirektør Edmund Austigard er gjester.

18 Etablering av Bondens Nettverk i Hjelmeland

Bonden har eit stort ansvar kvar einaste dag. For alle bønder kan det oppstå situasjonar eller enkelthendingar som kan vere vanskelege å handtere åleine. Det er ikkje uvanleg at ein mistar evna til å tenkje klårt når ein er i ein vanskeleg situasjon, anten det er ei akutt krise eller ein belastande situasjon som tærer over tid.

Det er nettopp det Bondens Nettverk kan hjelpe med; få oversikt og legga ein plan for å normalisera situasjonen.

Ta kontakt anten du sjølv er i ein vanskeleg situasjon eller du er bekymra for nokon andre:

- Anne Kari Skogerbo tlf. 404 39 126, Hjelmeland kommune, Landbruk
- Anita Jensen tlf. 416 94 657, Norsk landbruksrådgiving
- Sven Gil Westersjø tlf. 928 62 410, Hjelmeland Sau og Geit
- Marta Ommundsen tlf. 404 39 076, Hjelmeland kommune, Helse
- Gunnar Bø tlf. 934 01 147, Hjelmeland Bondelag

Tieplikta vil bli ivaretaken. Det er heller ingen automatikk i at heile nettverket vil bli aktivert ved kontakt med ein av deltakarane

19 5 råd for god bondehelse

Ta morgenmøte med deg sjølv

Jobb med å strukturera kvardagen

Plei det sosiale nettverket ditt

... og når du ikke treng det

Prioriter deg sjølv

Få nok søvn og et sunt og regelmessig

Ta pausar

Det er lov å halda kviledagen heilag

Skaff deg kunnskap

Det er lov å spør om råd og tips